



Slik såg planområdet ut tidlegare, sett frå lufta. Biletet er utlånt av Terje Myklebust.

No ligg det føre det eit framlegg til privat reguleringsplan for Beinavikjo-området og neste tirsdag vil det bli halde eit ope møte for grunneigarar og andre interesserte om planen. Det opplyser formann i Uskedalen Utvikling Jeanette Gretland Guddal til uskedalen.no.

Det er UU som har teke initiativet til møtet og det skal haldast i gamleskulen kl. 19. Sentrale deltakarar på møtet blir utbyggjar Geir Rusten og arkitekten hans, Anders Vikøren frå Vik i Sogn. Vikøren har også laga reguleringsplanen på oppdrag frå Uskedalen Brygge AS.

Planen er utarbeidd etter krav frå Fylkesmannen for å få etablert småbåthavn.

I Vikøren sine kommentarer heiter det at målet for oppdragsgjevaren er å reetablere aktivitetsnivået som historisk har vore i området.

Ein ynskjer å utvikla eit attraktivt område der bruken fritidsbustad-bustad-næring vil kunna variera.

Til dømes er delar av området føreslege regulert til kombinert føremål bustad/fritidsbustad/hotell.

Her heiter det at busetnaden på den nedre del av området (nedanfor vegen ned til Beinavikjo) kan nyttast til forretning (trelastlager), men også til kombinert føremål appartementshotell (kombinert næring og fritidsbustad) samt tilhøyrande garasje og uthus..

Dette punktet er av dei som sikkert vil bli kommentert og utdjupa nærare på møtet i gamleskulen sjølv om det neppe føreligg konkrete hotellplanar.

Eit anna interessant punkt blir trafikksituasjonen. Arkitekten går inn for å fjerna ein del avkøyrslar til riksvegen og laga nytt kryss mot denne..

Av Ola Matti Mathisen



- og slik ser området ut i dag, sett frå sjøsida. (Foto: Ola Matti Mathisen)